

I 2014 gav Samlaget ut boka «Å vera ingenting. Samtalar med spelemannen Knut Hamre» av Benedicte Maurseth. Ei bok om meister og elev-tradisjonen på hardingfela, om Hamres eigne meistrar, mellom andre Olav H. Hauge, Andres Kjerland, og elles om pedagogikk, formidling, musikk som medisin, og om å vera eit ingenting – i teneste for kunsten, med meir. Boka har fått strålande mottaking og nådd breitt ut til alle lags type lesarar med ulik fageleg bakgrunn, som til dømes kunstnarar, pedagogar, psykologar, prestar, med meir.

«Å vera ingenting» er ei bok om hardingfela og folkemusikken frå Hardanger, men inneheld også meir universelle filosofiar og pedagogiske metodar som kan overførast til mange ulike fag og bakgrunnar internasjonalt. Boka vert no bruka i undervisningssamanheng både på Norges Musikkhøgskole, og på Universitetet i Bergen i samband med psykologistudiet. I 2016 kom boka i nytt opplag.

Vår 2019 initierte musikar og filosof David Rothenberg å få omsett boka til engelsk, og vil no gje ho ut på sitt nyoppstarta forlag Terra Nova Books i New York hausten 2019. Boka vert omsett i skrivande stund av engelske Bruce Thompson, tilrådd omsetjar av Samlaget. NORLA, som promoterer og formidlar norsk litteratur i utlandet, innvilga omsetjings-stipend til Thompson i juni 2018.

Rothenberg sitt nye forlag vil spesialisera seg på litteratur om musikk, og er eit høgst seriøst, men likevel ikkje eit stort, kommersielt føretak. Rothenberg håpar dimed på produksjons-stønad frå Noreg i tillegg til eigenfinansiering. Forlaget Terra Nova Press har fått samarbeidsavtale med forlaget MIT PRESS, eit leiande forlag innan kunst, teknologi og vitenskap, som betyr ho vil verta distribuert og promotert gjennom deira etablerte formidlingskanalar.

Det finst overraskande nok ingen litteratur om hardingfela på engelsk, anna enn nokre tungt akademiske oppgåver, eller meir kortfatta, generelle framstillingar. *To be nothing*, vil til liks med slik ho er vorte i Noreg, retta seg mot den ålmenne marknad, og vil såleis kunne spreia vår unike musikkart til eit breitt kunst-interessert og engelsktalande publikum. På sikt vil ei bok som dette omsett til engelsk kunna generera auka interesse for hardingfela, vår regions folkemusikk-tradisjon og kulturhistorie. Interessa for hardingfela utanfor Noreg er stor, ofte større enn me i Noreg sjølv er klar over og tar inn over oss.

Det er viktig å formidla vår folkemusikk også litterært, i tillegg til scenisk og gjennom innspelingar. Boka vert lansert i USA haust 2019, og vil også verta presentert på bokmessa i Frankfurt, der Noreg som kjent er hovudsatsings-land i 2019.